

Eksamen

23.11.2021

LBR3002 Utmark og kulturlandskap

Programområde: Landbruk

LK06

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei. Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Når du skal svare på eksamensoppgåva, blir det lagt vekt på at du kan <ul style="list-style-type: none">• gje att viktig fagstoff, beskrive og liste opp tileigna kunnskap• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar og vise at du brukar kompetanse med bakgrunn i praktiske eksempel• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, gje grunn for val du tar og gjere greie for konsekvensar av vala dine, og så vidare. Den endelege vurderinga av svaret ditt skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGÅVA:

- Start med å lese oppgåveinstruksen godt.
- Hugs å føre opp kjeldene i svaret ditt dersom du bruker kjelder.
- Les gjennom det du har skrive, før du leverer.
- Bruk tida. Det er lurt å drikke og ete undervegs.

Lykke till!

Oppgåve 1

På eigedomen din blir det drive aktiv jord- og skogbruksverksemd, med aktivt beitebruk av stor- og småfe.

Dette er eit by-nært område med fleire turstiar og skiløyper. Det ligg både ein skule og ein barnehage i nærleiken.

- a) Kva for aktuelle skjøtselstiltak av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv kan vere fornuftig for å minimere konflikt mellom grunneigar og «turfolk»?
- b) Har myndigheitene nokon hjelpemiddel/tiltak for å hjelpe grunneigar med å gjere tiltak på eigedomen? Gi praktiske eksempel på kva for tiltak dette kan vere.

Oppgåve 2

På eigedomen din er det ein skogteig med 700 daa produktiv skog. Skogteigen har oppdatert skogbruksplan som du bruker aktivt i drifta di av skogen.

Du har no bestemt deg for å hogge eit bestand i skogteigen. Informasjon om bestandet: Areal 50 daa, bonitet G17, hogstklasse 5, ståande volum er ca 1500 kubikkmeter.

Gjennom bestandet går det ein mykje brukt tursti. Det ligg og 2 kolgroper i bestandet.

- a) Beskriv utfordringar med turstien og kolgropene under hogst, og kva for tiltak eller ettersyn som kan gjerast.
- b) Beskriv korleis du kan bruke skogbruksplanen som verktøy for å planleggje framtidige tiltak i bestandet etter at foryngingshogsten er gjennomført.
- c) Beskriv dei aktuelle tiltaka dei første 20 åra etter gjennomført foryngingshogst. Beskriv også bruk og vedlikehald av aktuelle reiskapar og utstyr til arbeidet.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Når du skal besvare eksamensoppgaven, blir det lagt vekt på at du kan</p> <ul style="list-style-type: none">• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger og vise anvendt kompetanse med bakgrunn i praktiske eksempler• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valg du tar og redegjøre for konsekvenser av valgene dine osv. <p>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din.</p>

TIPS TIL DEG SOM AKKURAT HAR FÅTT EKSAMENSOPPGAVEN:

- Start med å lese oppgaveinstruksen godt.
- Husk å føre opp kildene i svaret ditt dersom du bruker kilder.
- Les gjennom det du har skrevet, før du leverer.
- Bruk tiden. Det er lurt å drikke og spise underveis.

Lykke till!

Oppgave 1

På eiendommen din blir det drevet aktiv jord- og skogbruksvirksomhet, med aktivt beitebruk av stor- og småfe.

Dette er et by-nært område med flere turstier og skiløyper. Det ligger både en skole og en barnehage i nærheten.

- a) Hvilke aktuelle skjøtselstiltak av kulturlandskap og tilrettelegging for friluftsliv kan være fornuftig for å minimere konflikt mellom grunneier og «turfolk»?
- b) Har myndighetene noen hjelpemidler/tiltak for å hjelpe grunneier med å gjøre tiltak på eiendommen? Gi praktiske eksempler på hvilke tiltak dette kan være.

Oppgave 2

På eiendommen din er det en skogteig med 700 daa produktiv skog. Skogteigen har oppdatert skogbruksplan som du bruker aktivt i din drift av skogen.

Du har nå bestemt deg for å hogge et bestand i skogteigen. Informasjon om bestandet: Areal 50 daa, bonitet G17, hogstklasse 5, stående volum er ca 1500 kubikkmeter.

Gjennom bestandet går det en mye brukt tursti. Det ligger også 2 kullgroper i bestandet.

- a) Beskriv utfordringer med turstien og kullgroperne under hogst og hvilke tiltak eller ettersyn som kan gjøres.
- b) Beskriv hvordan du kan bruke skogbruksplanen som verktøy for å planlegge framtidige tiltak i bestandet etter at foryngelseshogsten er gjennomført.
- c) Beskriv de aktuelle tiltakene de første 20 årene etter gjennomført foryngelseshogst. Beskriv også bruk og vedlikehold av aktuelle redskaper og utstyr til arbeidet.



www.vigoiks.no/eksamen